



Tekst:  
Olav Solberg

## «I yngre Dage havde han været Kjempekar»

### Litt om balladetradisjonen i Telemark på 1800-talet

Da Jørgen Moe var på reise i Telemark sommaren 1847 for å samle folkedikting, hamna han etter kvart på Dalen, ved Bandak i nåverande Tokke kommune. Her fekk han husvære hos lensmannen, Peter Mandt. Det fall seg så heldig at Moe på den måten kom til å få to av dei mest kunnige balladesongarane i Telemark innan rekkevidd, og i løpet av nokre dagar rakk han å skrive opp mykje av det dei kunne. Den eine av songarane heitte Bendik Ånundsson Sveigdal/Felland (1780-1865). Han var frå Skafså, og hadde vore både kjempekar og slåstkjempe i ungdomen, slik Moe skriv. Nå sat han i fengsel hos lensmannen fordi han ikkje hadde halde vegen utanfor eigedomen sin i stand, og ikkje betalt bota han vart pålagt. Den andre songaren var ei kvinne. Ho heitte Anne Ånundsdotter Lillegård og var litt yngre enn Bendik (1792-1863). Ho budde i Eidsborg, like opp for bryggja på Dalen, og fekk beskjed om å møte tidleg

opp hos lensmannen kvar morgon medan Moe var der, så han fekk skrive opp etter henne. I stipendrapporten til Universitetet gir Moe fine og interessante portrett av dei to personane, som var svært ulike.

Det var likevel svært uvanleg at 1800-tals-samlarane gav seg tid til å skrive noko særleg om songarar og forteljarar. Når Moe gjorde eit unntak for dei to telemarkssongarane, kan det kome av at portretta gjekk inn i ein universitetsrapport, som han ynskte skulle vere så fylldig og interessant som råd. Dei to songarane hadde vel også noko ved seg som appellerte til Moe. Hovudårsaka til at samlarane jamt over brydde seg lite om dei som song, var nok elles at det var stoffet som stod i sentrum for interessa. Den nasjonalromantiske førestellinga om ei diktande folkeånd som gav seg til kjenne gjennom meir eller mindre tilfeldige formidlarar, stengde for ei verkeleg forstå-

ing av kva det innebar å vere ein god songar eller forteljar. Til dette kom den sosiale og kulturelle avstanden mellom – oftast – kondisjonerte innsamlarar, og fattigfolket frå husmannsstovene. For på 1800-talet var det nettopp dei: husmenn, innerstar, arbeids- og tenestefolk som var ekspertane på den gamle song- og forteljetradisjonen.

Men slik hadde det ikkje vore tidlegare. Husmennene var sjølvsagt same slags folk som bøndene: oftast yngre søner og døtrer som fekk nøye seg med ein plass i utmarka, medan odelsguten arva garden. Situasjonen for den velkjende songaren Maren Olsdotter Ramskeid, fødd i 1817, som song «Draumkvedet» for Landstad, kan tene som eksempel. Ho var på fleire vis ein typisk norsk og telemarksk balladesongar. Forfedrane hennes kom frå solide bondekår. Ein av dei hadde jamvel vore lensmann, og vart gift med ei skrivardotter, som Maren var oppkalla etter. Men Maren sjølv tente til sitt brød som tenestejente. Ho gifte seg med ein husmann, og i 1852 emigrerte ho og mannen med dei to døtrene sine til Amerika. Om Maren hadde særleg tilgang til skriftlege kjelder er uvisst, men i dei bonde- og bygdemiljøa som tok vare på balladetradisjonen fram til 1800-talet har det utan tvil eksistert ein skriftleg balladetradisjon ved sidan av den munnlege, noko vi da også har spreidde vitnemål om.

At balladetradisjonen i Telemark i stor grad var ein slektstradisjon, hadde nok samlarane ei kjensle av, og eit nærmare studium av liv og slektsbakgrunn viser dette tydeleg: søner og døtrer lærte i stor grad av fedrar og mødrer. I enkelte høve kunne tradisjonen halde seg så godt frå eitt slektsledd til neste at visevariantane er nesten identiske. Slik er det med den sjeld-

synte riddarvisa ”Den sjuke bruri” (TSB D 278) som Sophus Bugge skreiv opp etter Fyresdals-kvinnene Aslaug Pålsdotter Midbø (1792-1873) og dotter hennes, Guro Johannesdotter (1835-1868). Tekstane deira var så like at Bugge førte dei saman til ein

I visse slekter kunne balladesong utviklast til ein varig spesialitet. Det mest kjende dømet frå Telemark er truleg ”Ståle-ætta” frå Lårdal, som kan følgjast frå stamfaren Ståle Trondsson, fødd nokre år etter 1700, og fram til Gunhild Stålesdotter Sagahaugen (1831-1922). Den sistnemnde levde så lenge at Rikard Berge rakk å skrive opp tradisjon etter henne. Av ein eller annan grunn vart ho oversett av tidlegare samlarar. Gunhild kunne fleire balladar, deriblant ”Horpa” (TSB A 38). Den mest kjende representanten for musikktradisjonen i Ståle-ætta er truleg Knut Trondsson (1784-1876), underoffiser, spelemann, kjempekar og songar. Forfattaren John Lie frå Fyresdal skreiv ein heil roman om han (1878), og Rikard Berge fortel noko av det den munnlege tradisjonen vidareførte om han:

*Framifraa kvedar var Knut. Han kunde dei gamle kjempevisune: best lika han dei som gjekk um slagsmaal og manneskade. Sverdet som hogg sjølv kvad han sa traat um [...]. Ja danse kunde Knut Trondsson. Men han var au ein god spelemann. ”Han spila kalleg’e fint,” fortalde ei gomol fyrisdøle. Han spela i mangt eit lag i sin ungdom.*

Ståleætta kom opphavleg frå ein liten husmannsplass som heiter Mågebekk, under storgarden Triset ved Bandak. Bandak var den viktigaste ferdselsåra i denne delen av fylket, og mange songarar slo seg derfor ned i bygder i nærleiken av

innsjøen. Vassvegen knytte såleis folk saman over større avstandar enn det som elles var vanleg i innlandsbygder.

Ei anna kjend balladesongarslekt heldt til kring Vråvatn i Vrådal, i Kviteseid kommune. Det var "Targjeisætta" frå Porsvik, som kan følgjast frå slutten av 1700-talet og fram til 1900-talet. Ein av dei verkeleg store songarane i denne slekta var Targjei Targjeisson Kosi, fødd i 1809. Som så mange andre telemarkingar drog han til Amerika (1861), men Bugge møtte han heldigvis i 1857 og skreiv opp bortimot femti balladar etter han. Også syster og bror hans var gode balladesongarar: Gunvor Targjeisdatter Folleggdalen (1802-1864), og Torbjørn Targjeisson Kvæven (1804-1886). Dei tre syskena hadde delvis felles balladerepertoar, noko som tyder på at dei hadde lært det dei kunne av foreldra.

Det er ingen tvil om at det gjekk sterkt tilbake med balladetradisjonen i Telemark utetter på 1800-talet, slik fleire samlarar også peika på. Den siste store songargenerasjonen vart fødd på slutten av 1700-talet, og da den gjekk i grava kom også det tekstlege forfallet: kortare variantar, færre motiv, dårlegare språk. Unntak finst men dette er det generelle bildet. For melodiane sin del kan det nok stille seg noko annleis. Det ser ut til at det var i bygder som Mo og Lårdal at den gamle tradisjonen heldt seg lengst. Sophus Bugge nemner særskilt Hæge Olsdatter Årmote (1787-1860) som tydeleg har vore ein songar med uvanleg god språkleg sans. Ho hadde lært visene av far sin og song dei slik han gjorde, med visse unntak. Desse unntaka hadde etter alt å dømme å gjere med språklege endringar i talemålet i Mo på denne tida: Hæge brukte såleis ikkje dativ, og heller ikkje fleirtalsbøy-

ing i verb, slik faren hadde gjort. Dette var ho klar over, og gjorde Bugge merksam på dei språklege justeringane ho innførte i sitt balladerepertoar. Hæge Olsdatter kunne mange balladar, kring førti stykke, og uvanleg mange naturmytiske viser, deriblant "Jomfrua i fugleham" (TSB A 16). Bugge skriv om Hæge Olsdatter, i innleiinga til Gamle norske Folkeviser (1858):

*Ingen af de her meddelte Viser er holdt i et saa alderdommeligt Sprog, har bevaret saa mange gamle Former og Ord, som de, jeg har hørt af en gammel Kone Hæge (Helge) Aarmote i Mo Præstegjeld. Hun havde i sin Barndom af sin gamle Fader lært en Mængde Viser, som hun mindedes forunderlig godt. Dog pleiede hun ikke nu at kvæde disse i den samme gamle Sprogform, i hvilken hun havde modtaget dem af Faderen, og med Sikkerhed vidste hun ofte at angive, hvor Faderen havde brugt andre Ordformer og Udtryk eller udtalt Ordene anderledes, end hun nu pleiede.*

Det var ingen spøk å vere fattig her i landet på 1800-talet, og derfor drog mange til Amerika når sjansen baud seg, balladesongarar og andre. Rett nok kunne arbeidssame menneske greie seg bra så lenge dei var friske og arbeidsføre, jamvel om plassen ikkje fødte store buskapen, og åkervidda var beskjedne. Men når sjukdom melde seg, vart det verre. Mange kom på legd. Andre var så heldige at dei hadde slektningar dei kunne få hjelp av. Elles kunne lykka vende seg også for den som hadde eit godt utgangspunkt. Det fekk Liv Nirisdatter Bratterud (1826-1892) merke. Ho var gardjente frå ein av Tveiten-gardane i Bø, men gjorde det mistaket at ho valde feil: ho gifte seg med ein husmann som i løpet

av kort tid drakk opp garden og alt ho åtte. Deretter prøvde prøvde han seg som innbrots- og ransmann, men vart arrestert og dømd til fengsel. Rikard Berge gjengir kva Bø-tradisjonen minstest om tragedien:

*Liv Bratterud var rik, fekk Tveiten. Einar Slaattedalen fekk ho, fæl turebasse. Kaupte 800 pottur brennevin med ein gong og drakk upp. Han skaut etter svogeren sin og kom for det paa tukthuset. So stal han etter han kom ut att, og so maatte han paa huset att [...].*

Etter kvart var bøheringane så leie av skurken at dei sende han til Amerika med einvegsbillett! Liv Nirisdatter sat att på den fattiglege plassen Bratterud, som bare fødde to geiter. Utan hjelp frå døtrene sine og andre slektningar ville ho ikkje greidd seg. Men trass i den vonde lagnaden var ho ein framifrå eventyrforteljar, og ho song også balladar for Moltke Moe.

Den normale situasjonen når det galdt innsamling av balladar på 1800-talet, var at ein profesjonell samlar skreiv ned tradisjonen, medan ein mann eller ei kvinne frå bygdene song. I enkelte tilfelle hende det likevel at ein samlar engasjerte ein eller fleire medhjelparar til å skrive opp, vel helst for å få meir ned på papiret. Ein av dei meir kjende amatør-samlarane i Telemark var Vinje-klokkaren Nils Sveinungsson (1779-1847) som i si tid hadde vore huslærer for Landstad, og som i 1840-åra skaffa Landstad og Olea Crøger ei lang og omstendeleg oppskrift av "Draumkvedet". Ein annan amatør-samlar heitte Olav Talleivsson Grasberg (1791-1870) frå Kviteseid. Han var også engasjert av Landstad, og fekk noko betalt for innsatsen, heiter det i tradisjonen.

Ein tredje samlar i denne kategorien skaffa Jørgen Moe seg i 1847, da han som nemnt var på innsamlingsreise i Telemark. Moe har da tydelegvis vore i kontakt med ein mann som heitte Jakob Åsmundsson Dalen (1816-1855) og denne sende seinare på året ei oppskrift av "Nykken som bêlar" (TSB A 48) til Moe. Jakob Åsmundsson var gardbrukar på Dalen og son til den kjende kanalforkjemparen og Eidsvolls-mannen Åsmund Sámundsson Nordgard (1776-1864), og var såleis ikkje kven som helst. Men som balladesamlarar gjorde han ikkje stort av seg, for oppskrifta av «Nykken som bêlar» er såvidt eg veit den einaste han leverte.

Det var i si tid den svenske balladeforskaren Bengt R. Jonsson (1920-2008) som gjorde opptaket til det som må kallast standardverket om dei telemarkske balladesongarane: "Vil du meg lyde". Balladsångare i Telemark på 1800-talet (Novus, 2011). Boka inneheld livsskildringar av nærmare 450 songarar: storsongarar med eit omfattande og imponerende balladerepertoar, såvel som meir ordinære tradisjonsberarar. Dei har krav på interesse både som songarar og som kunstnarar, og som representantar for norsk bygdekultur på 1800-talet.

## Litteratur:

Jonsson, Bengt R. & Solberg, Olav. 2011. «Vil du meg lyde». *Balladsångare i Telemark på 1800-talet*. Oslo. Novus.

Moe, Jørgen. 1964. «Indberetning fra Cand. theol. Jørgen Moe om en af ham i Maanederne Juli og August 1847 med offentlig Stipendium foretagen Reise gjennem Thelemarken og Sætersdalen, for at samle Folkedigtninger». *Tradisjonsinnsamling på 1800-talet*. Oslo. Universitetsforlaget. (NFL 92)

Solberg, Olav. 2011. «Paa gammelt Maal og paa Pergament». Har det funnest ein skriftleg norsk balladetradisjon? *Maal og Minne*. Oslo.